


Statsspråk

Bladet for godt språk i staten



Klarspråk gjer det lettare for dei med lite makt og dei med mykje makt å ytre seg og møtast som jambyrdige.

Helle Beer Urheim



Skriv for dei vrange, ikkje berre dei velvillige

Vi vil gjerne skrive så enkelt og forståeleg som mogleg. Men gløymer vi dei vrange når vi skriv klarspråk?

AV HELLE BEER URHEIM

Det er alltid enklare å skrive for folk som veit det same, vil det same og har høve til å gjere det same som oss sjølve. Truleg veks den språklege sjølvinnsikta hos mange byråkratar, og det er godt. Det har vorte god skikk å syte for at til dømes nettsider duger for menneske med andre føresetnader enn det skribenten har. Men forskning syner at vi ikkje alltid tenkjer på lesarar som vil noko heilt anna enn det styresmaktene vil. Bryr vi oss berre om dei velvillige?

Vi legg best til rette for dei velvillige brukarane

Mange av oss som jobbar med klarspråk, legg stor vekt på å gjere det lettare for innbyggjarane å finne fram, forstå og få gjort det vi ventar at dei skal gjere.

Leiarar i ulike verksemdar ser at dei kan spare verksemda og brukarane for misforståingar. Sjølv sagt ser dei nytta av klarspråk. Det skulle berre mangle. I mange tilfelle er →

Barns tilgang til tegnspråk

Språkrådet har kartlagt hva slags informasjon og veiledning om språk og norsk tegnspråk som gis til foreldre til barn med nyoppdaget hørselstap. Kartlegginga viser at foreldre får ulike og delvis motstridende informasjon.

Foreldre er ofte i kontakt med både PP-tjenesten, Statped, kommunene og spesialisthelsetjenesten. Det de får av informasjon om tegnspråk og flerspråkighet, avhenger av hvem de snakker med.

– Mange av informantene i kartlegginga arbeider i PP-tjenesten. De samarbeider godt med Statped, og de ønsker å gi gode anbefalinger til familiene. Noen har selv tatt ansvar for å tilegne seg kompetanse på feltet. Jeg håper at en kompetanseheving blir satt i system, slik at de ulike kommunene gir samme veiledning og tilbud, sier Åse Wetås, direktør i Språkrådet.



I Noreg har vi ikkje noko som liknar russiske tilhøve når det gjeld medborgarskapet. Likevel må vi arbeide kvar dag med å halde demokratiet og medborgarskapet i hevd.

Helle Beer Urheim

→ jobben med å gjere tekst mindre tåkete og mindre tverr det viktigaste. Og det er klokt å ta bort den informasjonen brukaren ikkje treng der og då. Alle vert nøgde når ei teneste er meir effektiv og brukaren får tak i det han skal ha.

Dei vrange skal ha noko anna

Nokre gonger er det ikkje like enkelt å verte nøgd. Nokre gonger er vala vanskelegare, og det er viktig å gjere seg opp ei eiga meining. Det er lov å vere usamd med staten. Her i landet kan ein jamvel gjere seg rett så vrang på mange område utan å verte straffa. Heldigvis.

I Noreg kan folk tvile på staten, diskutere med staten, klage til staten og jamvel stille til val for å endre staten, om dei ønskjer det. Nokre gonger ter ikkje folk seg som typiske brukarar, men medborgarar. Ein medborgar er ein person som kjenner seg og vert sett på som ein fullverdig og aktivt medlem av samfunnet. Medborgaren vil påverke, tek på seg plikter og krev rettane sine. Om medborgaren er vrang eller villig, kjem an på. Men han krev noko meir og vil ikkje la seg sluse glatt gjennom systemet.

Ei gruppe medborgarar som til dømes vil påverke utforminga av byen dei bur i, må kjenne til kva kommunen meiner med ord som *fortetting*, *bymessig* og *universell utforming*. Medborgaren som vil påverke, treng å lære meir og stille fleire spørsmål enn det brukaren må. Difor skal klarspråk ikkje berre tilpassast kvardagsspråket. Klarspråk skal òg gje folk dei omgrepa og orda dei treng for å verte høyrde.

Ei akademisk oppfinning kan hjelpe oss

Retorisk medborgarskap er kan hende det viktigaste omgrepet Ida Seljeseth kjem med i doktorgradsavhandlinga si om klarspråk frå 2020. Ho har funne ut at skribentar som jobbar med klarspråk i praksis, skriv mest for brukarar i tydinga «innbyggjarar som treng hjelp til å få tenester eller gjere pliktene sine». Ein medborgar har ein annan verke-trong og vilje enn ein brukar.

Ein medborgar trivst og veks der folk har tilgang til offentlege ytringsrom på same måtar som dei har tilgang til torg og allmenningar i ein open by. Makta må fordelast, og folk må kjenne seg handlekraftige om dei skal engasjere seg. Dessutan bør styresmaktene ha lyttepostar på dei rette stadene, og folk må kunne lese seg opp og orientere seg om samfunnet.

Trass i at omgrepet *retorisk medborgarskap* kjem frå lesesalen, kan den støtta vi kan gje medborgarskap gjennom klarspråk, verte viktigast for dei som aldri har sett beina sine på eit universitet. Klarspråk gjer det lettare for dei med lite makt og dei med mykje makt å ytre seg og møtast som jambyrdige.

Makt skal delast

I desse dagar ser vi sterke bilete av kamp om demokratiet. Kampen skjer med vald og våpen, men like mykje med ord. Retoriske rom vert opna og stengde. Sendingar vert skrudde på og av. Journalistar vert sende ut og kalla heim.

Vi byråkratar vert ofte sparte for dei største konfliktane og tenkjer vel ikkje så ofte at språkarbeid er arbeid for demokratiet. Retorisk medborgarskap kan lett verte honnørord i planar for klarspråk i staten eller berre eit omgrep for akademikarar. Det kjem an på kva slags innhald vi legg i det.

I Noreg har vi ikkje noko som liknar russiske tilhøve når det gjeld medborgarskapet. Likevel må vi arbeide kvar dag med å halde demokratiet og medborgarskapet i hevd. Ein del av jobben fell på alle som skriv klarspråk på vegner av styresmaktene.

Vi må skrive for dei vrange, ikkje berre dei velvillige, dersom folk skal ta ansvar og forsvare seg sjølve og andre når det røyner på. Når vi skriv for dei vrange, skriv vi samtidig for dei som vil påverke avgjerder. Når folk vert både gløggare og sterkare, ikkje berre meir effektive, av å lese tekstar frå det offentlege, er vi på rett veg. Då deler vi statens makt med medborgarane. Det er slik vi vil ha det.



Helle Beer Urheim er praksisstudent i Språkrådet våren 2022. Urheim tek bachelorstudiet i klarspråk som vidareutdanning. Til dagleg arbeider ho i bymiljøetaten i Oslo kommune.



Hvor mange har arbeidet med klarspråk de siste to årene?

Høsten 2021 ble statsorgan og kommuner invitert til å delta i en undersøkelse om klarspråkarbeid. Formålet med undersøkelsen var å få et bedre bilde av hvordan det arbeides med klarspråk i dag, og hvordan Språkrådet kan hjelpe til i årene framover.

Resultatene viser blant annet at 70 prosent av virksomhetene som deltok i undersøkelsen, har arbeidet med klarspråk de siste to årene.

De virksomhetene som ikke har arbeidet med klarspråk, oppgir tidsnød som den viktigste grunnen til at arbeidet er nedprioritert. Andre grunner er mangel på ressurser og manglende forankring i ledelsen.

Se alle resultatene på [språkrådet.no/rapport](https://sprakradet.no/rapport).



Vil du hjelpe oss?

Vi i Statsspråk-redaksjonen inviterer deg til å delta i ei kort undersøkning der du kan gje oss innspel om korleis vi kan utvikle Statsspråk vidare. Vi lurar mellom anna på om du likar best å lese på nett eller på papir, og kor ofte bladet bør kome ut.

Gå til [språkrådet.no/tilbakemelding](https://sprakradet.no/tilbakemelding) for å delta i undersøkinga. Det tek om lag fem minutt å svare på spørsmåla.

Språkloven i praksis!

Hvordan kan dere arbeide for å oppfylle kravene i språkloven? Dere kommer langt om dere følger disse åtte anbefalingene. De er basert på samtaler med virksomheter som har lyktes med å endre skrivekulturen sin.

Utfyllende veiledning og flere eksempler fra virkeligheten finner dere på spraklov.no.

Organisering

- Forankre arbeidet i ledelsen.
- Gjør språkarbeidet til en del av prosessene i organisasjonen.
- Plasser ansvaret for å drive arbeidet framover.

Da Høgskolen på Vestlandet ble oppretta, vedtok styret tidlig språkpolitiske retningslinjer. Styret prioriterte også å opprette et språkutvalg med egne ressurser. Utvalget har ansvar for å lage konkrete og overordna språkmål.

Plan- og bygningsetaten i Oslo kommune fikk så gode resultater av klarspråksprosjektet sitt at ledelsen ønska å gjøre arbeidet permanent. Dermed ansatte de en fagansvarlig for klarspråk i 100 prosents stilling.

Direktøren i Nav skrev et debattinnlegg i Aftenposten der han trakk fram klarspråk som ett av de fem viktigste tiltakene for å gjøre Nav bedre. Dermed opplevde de ansatte at klarspråk var et tydelig satsingsområde. Flere har blitt engasjert, og det har blitt lettere å gjennomføre språktiltak.

I tillegg til anbefalingene ovenfor tilbyr spraklov.no sjekklister for noen av områdene som språkloven dekker: nynorsk, klart og korrekt språk, norsk tegnspråk, norsk fagspråk og terminologi og språkteknologi på norsk.

Arbeidsmetoder

- Kartlegg situasjonen, og legg en plan.
- Gi medarbeiderne tilgang til språkressurser.
- Gjennomfør språktiltak jevnlig.
- Mål resultatene av språkarbeidet.
- Del erfaringer, og hent impulser utenfra.



Går du inn på Huseby barneskole – AC Møller tegnspråksenter, blir du møtt med kunstverk som viser tegnspråkpoesi, og «Velkommen» på tegnspråk på en skjerm. Slik får barneskolen vist fram tegnspråk som en naturlig del av språkmangfoldet.

Lotteri- og stiftelsestilsynet arrangerer en årlig språkdag. Blant annet deler de ut en språkpris til noen internt som har utmerka seg med språkarbeid, og de får eksterne språkekspertter på besøk.

Kunsthøgskolen i Oslo ønska å bruke mer nynorsk i kommunikasjonen med studenter og ansatte. Løsninga ble å stille krav om svært god skriftlig formuleringsevne på både bokmål og nynorsk når de skulle ansette nye kommunikasjonsmedarbeidere.



Returadresse:
Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo



SPRÅKTIPS

Krav til eller krav om?

Krav til og *krav om* betyr ikke det samme.

Krav om noe = krav om at noe skal finnes:

Det er *krav om* dokumentasjon

= Det skal finnes/leveres dokumentasjon

= Det kreves dokumentasjon

Krav til noe = krav om at noe skal være på en viss måte:

Det er (satt) visse *krav til dokumentasjonen*

= Dokumentasjonen skal tilfredsstillende visse krav

= Det kreves av dokumentasjonen at den tilfredsstillende visse krav

Et annet eksempel:

Jeg krever kaffe med fløte!

Her har vi et *krav om kaffe* kombinert med et *krav til kaffen*, nemlig et fløtekrav.

(Det siste kan omformuleres til et *krav om fløte* i kaffen.)

Språkegget

– funnet på brødskena i et redaksjonslokale i Trøndelag

«Aggressiv mann på matbutikk fikk pålegg.»

Er det dette som er juristmat?



Språkspørsmålet

Jeg skal skrive det fulle navnet på et departement øverst i et brevhode. Hva er den korrekte bruken av stor forbokstav? Beholder jeg den store bokstaven fra kortformen?

Svar: Hovedregelen er at institusjoner og organisasjoner skal ha stor bokstav bare i det første leddet. Resten av leddene har små bokstaver.

Departementene har en lang navneform og en kortform. Vi skriver enten *Det kongelige finansdepartement* eller *Finansdepartementet*.

Hva betyr ordene?

I 2012 laget Sykehuset Telemark ei ordbok som forklarer vanskelige ord innenfor kommunale tjenester, økonomi og bolig. Ordboka er laget med tanke på ungdom og unge voksne med forståelsesvansker.

Nå har det kommet en revidert versjon av ordboka med nye ord som har blitt vanlige i det digitale samfunnet. Her finnes forklaringer på ord som *brukernavn*, *passord* og *betalingsapp*.

Sykehuset har også utarbeidet ei ordbok med ord og begreper innenfor seksuell helse. Ordbøkene kan lastes ned gratis på sthf.no/habu.

Kurs om den nye språklova!

Lurer du på kva språklova har å seia for dei tilsette i ein kommune eller fylkeskommune? Da kan du ta eit gratis, digitalt lynkurs om språklova.

Kurset Språklova på 1-2-3 for fylkeskommunar og kommunar inneheld sju korte leksjonar. Til slutt kan du ta ein kunnskapstest med nokre viktige moment frå leksjonane. I kurset får du mellom anna oversikt over dei overordna måla med språklova, ein gjennomgang av rettar og plikter og ei innføring i krava om korrekt og klart språk i informasjon frå det offentlege.

Kurset finst på både bokmål og nynorsk. Gå til sprakradet.no/lynkurs-om-sprakloven for å tinga kurset til deg sjølv og kollegaene dine.



Foto: Oda Hveem



Når jeg skriver, må jeg være ekstremt bestemt og ta hundrevis av valg hver dag.

Lars Saabye Christensen, forfatter